

LÅVENDE SAKER 21



Åge Aleksandersen & Trondheimsolistene
Henning Kvitnes / Gisle Børge Styve Trio / Staut
Rotlaus / Tove Bøygard / Sigrid Moldestad
Moddi / Barokksolistene / Georg Reiss Kvartett
Hillbabies, Randi Marie, Terje Iversen, Arild Skar
Stian Carstensen / Trio Mediæval / Jutullaget
Lars Mytting & Ingar Sletten Kolloen / Tina Lie
Ole Jonny Bekkemellem & The Kingsmen
Kveli & Sveen, Odde & Thorud / Huldra Hildur
Spelmannstreff & Kappspel / Skar & Skurdal
«Tor Jonsson» Bjarne Tormodsgard
Kveli-Rånes-Bremseth

Mat, musikk, stemning og selskap
til å bli begeistra av – midt i
makelaase Gudbrandsdalen

RUDI
www.rudigard.no



Foto: Merete Moen

Velkome til opplevingar nesten post korona!

Nå altså - nå lyt vi prøve til att!

Når sjølvaste Stian Carstensen banker på, og kommuneoverlege Brabrand klapper høgt for arrangement, da er det tida. Og det er altså så trivleg å vera vitne til at folk vil treffast att. Mange sitrar av glede og forventning!

Vi startar i juni med ein vri: Underhaldning og mat medan publium sit til bords i Rudilåven.

Alle får plass på bord i lag med sin kohort, og det blir underhaldning mellom gode rettar. Med god avstand mellom borda og høgt under taket tek vi smittevernet på alvor.

Utover sommaren og hausten skal vi følgje råd og reglar frå styresmaktene. Medio juni ser det lovande ut. Vi er optimistar, samstundes som pandemien ikkje er over. Dersom det – mot formodning – skulle bli nødvendig å avlyse arrangement, vil kjøpte billetter bli refundert direkte frå Ticketmaster.

Men håpet og trua nå er at vi gjennom sommaren kan opne meir og meir. Snart håpar vi på både fest og dans! For å kunne vera fleksible på antal og oppsett i konsertsalen, sel vi ikkje nummererte billetter dette året. Blir det finvær og stor stemning kan arrangement også bli utandørs. Responsen og iveren hos både artistar og publikum er overveldande, og vi er glade for at så mange er med oss og spreier budskapen om levande konsertopplevingar på den kulturelle møteplassen Rudi Gard.

Vi ønskjer varmt velkomen til opplevingar sommaren og hausten 2021!

Helsing Nina og Øystein Rudi
– vertskap på Rudi Gard



Program 2021, dag for dag

Fre 18. juni	«Mat og musikk» med Skar & Skurdal
Fre 25. juni	«Mat, tullprat og musikk» med Sveen & Kveli, og Odde & Thorud
Søn 4. juli	Jazzkafé med Georg Reiss Kvartett
Tors 8. juli	Moddi og gitaren på pilegrimstur
Fre 16. juli	Ole Jonny Bekkemellem & The Kingsmen
Tors 22. juli	Sigrid Moldestad med band
Ons 28. juli	Stian Carstensen
Søn 1. aug	Trio Mediæval
Tys 3. aug	Huldra Hildur, familieforestilling med Brimi, Midtli og fleir
Fre 6. aug	Henning Kvitnes med band
Laur 7. aug	Dølarocken's festkveld! Hillbabies , Randi Marie, Terje Iversen og Arild Skar
Tors 12. aug	Gisle Børge Styve Trio
27. og 28. aug	Spelmannstreff og kappspel
Søn 5. sept	Lars Mytting og Ingar Sletten Kolloen
Laur 11. sept	ROTLAUS
Ons 15. sept	Tina Lie på norsk
Tors 23. sept	Kveli-Rånes-Bremseth
Laur 2. okt	STAUT
Laur 9. okt	«Alehouse Sessions» med Barokksolistene
Ons 13. okt	Tove Bøygard med band
Ons 20. okt	«Då Tor Jonsson fillerista hallingen» med Bjarne Tormodsgard
Laur 30. okt	Åge Aleksandersen og Trondheimsolistene
Laur 27. nov	Jutullaget

Kom og opplev Rudi Gard!

Kom til Rudi i god tid. Parker bilen din på jordet vårt. Lat oss, eller ein taxi, køyre deg til Sødorp – bygda rett opp for Vinstra. Det tek om lag 10 minutt. Ta pilegrimsleia sørover, høgt over dalen med panoramautsikt. Reknar du 2,5 timar har du god tid til å nyte turen.

Attende på Rudi: Eit forfriskande glas i låvepøbben, før du går til bords i lag med gode venner og matopplevingar med lokal forankring. Aure frå Gålåvatnet, lam frå kulturlandskapet rundt garden og fjellet i Fron, grønsaker og urter frå Aukrust i Lom, skinke frå eigen gris som er salta og modna på stabburet i tunet, saftig entrecote frå den fenomenale disken til Anni Byskow i Ringebu og rømme frå Avdem på Lesja i sausen er eksempel på sommarsmakar på Rudi.

Eit godt måltid har vorte ein slager framfor forestillinger og konsertar på Rudi Gard. Veldig mange ønskjer dette, og nytt av 2021 er at menyen blir sett opp av kjøkensjefen berre nokre dagar før konsert. Det er alltid minst hovedrett og dessert. Og det kostar alltid kr 490,-. Slik kan vi få brukt dei beste råvarer som er tilgjengeleg til kvar tid gjennom sesongen.

Ting deg eit bord – du skal ikkje bli skuffa!
Bordbestilling gjer du enklast ved å kjøpe dette som tilvalg hos Ticketmaster. Eller du kan sende ein e-post til oystein@rudigard.no

Velkome!



” Eit måltid på Rudi skal vera raust og smakfullt. Bygd på tradisjon, nyskaping og ferske norske kvalitetsråvarer frå dyktige produsentar omkring oss.

Wenche Kvebu, kjøkensjef



Fredag 18. juni

Kl 19.00

Mat & musikk


med Skar & Skurdal

«E e cirka 40 år, og kjøre ront ti ein dieselbil...» Arild Skar sine låtar og tekster er kulturarv i Gudbrandsdalen!

Denne kvelden kjem han i lag med trubadurkollega Øyvind Skurdal. Eigne låtar frå CD'ane «Langt frå By'n» og «Langs Laugen» blir trilla ut mellom rettane i eit godt Rudimåltid.

Billett: kr 690 inkludert trerettars meny

www.ticketmaster.no



” Ein kulturinstitusjon uttom det vanlege...
Odd Nordstoga - artist



Fredag 25. juni

Kl 19.00

Mat, tullprat & musikk med Kveli & Sveen, Odde & Thorud

Sigmund Kveli & Håkon Sveen har prata så mykje tull på Rudi gjennom 20 år at ein skulle ikkje tru leppene var par. Mads Erik har ein rykande fersk Spellemannspris på peishylla, og Geir Marius Thorud har nykåra avlshingst, og får også spelemannsprisar rett som det er.

Billett: kr 690 inkludert trerettars meny

www.ticketmaster.no



” Rudi Gard er eit godt eksempel på vern gjennom bruk.
Erik Lillebråten, direktør i Norsk Kulturarv



Søndag 4. juli

Kl 19.00

Georg Reiss Kvartett

Fire rutinerte musikarar har gått saman for å spela swingande og utadvendt jazzmusikk, med Georg Reiss på klarinett og sax som kapellmeister. Med seg har han ein fantastisk gjeng med topp musikarar: David Skinner, piano, Stig Hvalryg, bass og Marcus Lewin på trommer – alle rekna mellom dei fremste i sin sjanger i Europa!

På repertoaret er velkjende melodiar frå gullalderen i jazzhistoria. George Gershwin, Duke Ellington og Fats Waller blir framført slik ein kan høyre på jazzklubb i New Orleans; bluesy, funky og swingande!

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no



” Sør-Frons bygda har bønder som skaper framtidstru.
Marita Aaneke – leiar i Sør-Fron Bondelag og ildsjel



Torsdag 8. juli

Kl 19.00

Moddi og gitaren på pilegrimstur

I sommar skal Moddi gå pilegrim frå Oslo til Trondheim. Artisten, som vaks opp to hundre meter frå fjøra og sytti meter frå fjellet, skal ut på sin lengste tur. Med si særeigne stemme og vakre melodiar har han sunge seg inn i hjarta til eit internasjonalt publikum. No har du sjansen til å oppleva Moddi på Rudi når han stoppar opp på si ferd gjennom Gudbrandsdalen.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no



” Rudi gard fortjener all mulig vind i seilene. For en idérikdom og for et pågangsmot. Jeg heier på dere!

Ellen Horn - skodespelar



Fredag 16. juli

Kl 20.30

Ole Jonny Bekkemellem & The Kingsmen

Frå Sel i Gudbrandsdalen kjem Ole J. Bekkemellem & The Kingsmen. Dei har to turnear bak seg med hyllest til The King - Elvis Presley. Først med konserten «Mystery Train: Heidal - Graceland» og sist med stappfulle hos på forestillinga «Elvis Goes To Church». På Rudi Gard denne kvelden blir det ei salig blanding av gospel og rock'n roll-sida av Elvis-katalogen.

The Kingsmen er: Ole Jonny Bekkemellem: Vokal, gitar. Morten Graff: Gitar, kor. Vidar Hoel: Tangenter, kor. Henning Grindstuen: Bass, kor. Ole Erik Bjørnstadhaugen: Trommer, kor.

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no



” *Verdiskaping og arbeidsplasser!*

Kristin Saga – NHO Buskerud, Vestfold og Telemark



Torsdag 22. juli

Kl 20.30



Sigrid Moldestad

med band

Sigrid Moldestad er folkemusikar, songar, låtskrivar, skodespelar og tekstforfattar. Ho vart kåra til Årets Folkemusiker i 2010 og debuterte som soloartist i 2007 med plata «Taus», som ho fekk Spellemannsprisen for.

Musikken hennar kjennest grenselaus og har teke til seg impulsar frå ulike sjangrar. Ho har spela på rockefestivalar, jazzfestivalar, folkemusikkfestivalar og countryfestivalar, og bandet har vore med gjennom ei årrekkje. Saman er dei kjent for sterke konsertar. Vi gler oss til ei grenselaus oppleving på Rudi!

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no

” *Ei satsing som aukar livskvaliteten for mange som ikkje kan ta T-banen og oppsøkje allskens kulturtilbod.*

Rasmus Stauri – kulturprisvinnar og lokalhistorikar



Onsdag 28. juli

Kl 20.30

Stian Carstensen

Ein av landets aller mest briljante spellemenn. Med eit hav av anerkjenning både bak og framfor seg. Med munnrappe introduksjoar. Nei, meir enn det – fantastiske og fantasifulle tankerekker, som dreg fram ettertanke og gapskratt.

Ein kveld i særklasse blir det når Stian kjem til gards!

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no



*” Rudi Gard har vært til inspirasjon for mange, som for eksempel oss på Sølvane Gard!
Torstein Kollevåg – gründer*



Søndag 1. august

Kl 20.30

Trio Mediæval

Trio Mediæval er ein norsk/svensk vokaltrio med Anna Maria Friman, Linn Andrea Fuglseth og Jorunn Lovise Husan. Dei er mellom landets mest kjende vokalgrupper og har spesialisert seg på framføring av middelalder-, folkemusikk og nyskrevne verk. Med fleire kritikarroste CD'ar på samvittigheita turnerer dei verda rundt med musikken sin.

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no



Foto: Jan Alsaker

” Bygdas viktigaste kulturhus.

Ole Aastad Bråten – direktør Valdresmusea



Tysdag 3. august

Kl 19.00

Huldra Hildur

Familieforestilling med Brimi, Midtli og fleire

Ein naturmystisk barnemusikal frå fjellet! Folkemusikarane Mari Midtli og Aslak Brimi har samarbeidd i mange år, og nå er dei attende på Rudi med barnemusikkprosjektet «Huldra Hildur» Prisivinnende Brimi og Midtli er særleg kjente for ærleg og engasjerande kvalitetsformidling av folkemusikk og -song. Med «Huldra Hildur» tek dei eit godt steg ut i

visesjangeren, og syner at dei har fleire stødige musikalske bein å stå på. Denne familieforestillinga er inspirert av fjellet og seterlivet. Ei varm og sjarmerande forteljing om møtet mellom bymannen Tore som skal vikarere som budeie, og den noko mystiske huldra Hildur. Det er magi og musikk i lufta!

Billett kr 150,-

www.ticketmaster.no

Huldra Hildur



” Store, vakre, rørende, artige og gode opplevingar.
Bente Hemsing – kulturskulerektor i Valdres



Fredag 6. august

Kl 20.30

Henning Kvitnes

med band

Kvitnes har publikumsfavorittar nok til å fylle fleire turnéar, og konserten vil by på ei blanding av nye songar, samt nokre gløymde eller gøymde perler frå hans rike samling av låtar. Med fem av dei beste musikanane vi har i landet i ryggen, er publikum sikra høg kvalitet, med favorittlåtar gjennom fleire tiår og dei beste frå det nye albumet «60 år på veggen og 40 runder rundt sola»

Billett kr 490,-

www.ticketmaster.no



” For oss hyttefolket fra Nittedal er ikke dalen det samme uten dere...

Sissel Rydberg, hytteeier på Gålå



Laurdag 7. august

Kl 20.30



Foto: Thomas Petterson

Dølarocken's festkveld!

Hillbabies, Arild Skar, Randi Marie og Terje Iversen

Hillbabies er ein eminent gjeng musikarar frå Gudbrandsdalen som i årevis har fått godfølelse langt inn i ryggmargen av å høyre originalen – Hellbillies! Med stor respekt for originalen er det sett saman favorittlåtar henta frå den enorme katalogen – frå «Sylvspente Boots» i 1992 til «Søvnlaus» i 2016.

Arild Skar har rocka Gudbrandsdalen i 40 år, og vokalisten og låtskrivaren Randi Marie, og trubaduren Terje Iversen er bae kjente og kjære namn på den lokale musikkhimmelen. Kanskje kjem det fleire og gjev seg med også – vi har nok av scener til ein minifestival!

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no

*” Heilt unikt det dykk har skapt! Dalens beste kulturarena.
Olav Grjotheim - Lomb Bryggeri, Lom*



Torsdag 12. august

Kl 20.30

Gisle Børge Styve Trio

Musikken er melodisk, vakker og groovy, med trestemte koringar og variert instrumentering. I sentrum står Gisle Børge Styves varme vokal og leikne piano, ledsaga av Per Willy Aaseruds trompet og Helge Harstads bass.

Trioens spennande musikalske arrangement gir også plass til fiolinar, vinglass, klokkespel, perkusjon og slide-bass! Spelegleda er stor, trioen kosar vettet av seg og det smittar fort over på publikum. Deira stadig veksande publikum reiser alltid heim etter konsertane med eit smil om munnen og fløyel om hjarta. Ein konsert med trioen blir omtala som «rein terapi av absolutt høgste karakter», og publikum får høve til å både le og gråte.

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no





Spelmannstreff og kappspel

Spelmannsmusikk og dans var starten på Låvende saker på Rudi Gard for meir enn 20 år sidan. Den siste store helga var 100-årsfeiringa av Oddvar Nygaard hausten 2019, med hundretals spelemenn, dansarar, mat og drikke og camping på jordet 100 meter frå tunet. Enno er rammevilkåra litt uavklarte for fest og dans, men så snart dette er klart, kjem vi attende med detaljer på www.rudigard.no og i sosiale medier. Hang on :-)

www.ticketmaster.no



Søndag 5. september

Kl 20.30

Foto: Julie Pike, Gyldendal



Foto: Morten Brun, Gyldendal



Lars Mytting & Ingar Sletten Kolloen

Lars Mytting erobra verda med «Hel ved» før romanen «Svøm med de som drukner». Og han følgde opp med «Søsterklokkene» og «Hekneveven», som vart enda større suksessar. Nominasjonar og prisar har kome på rekke og rad dei siste åra for gudbrandsdølen. Kvamvær og forfattar Ingar Sletten Kolloen er kjend for glitrande biografiar om mellom andre Tor Jonsson, Knut Hamsun og Dronning Sonja, og sist skidringa frå andre verdskrig «Under Krigen. Vi må ikke falle». Når desse to stjerneforfattarane møtast på Rudi trur vi dei kan ha mykje å prate om.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no

” *Et sted som har gitt utallige ungdommer uvurderlig ballast i form av opplæring i ledelse, salg og service, selvstendig tenking og problemløsning.*

Birgitte Bay – dagleg leiar i Midt-Gudbrandsdal Næringsforening



Laurdag 11. september

Kl 20.30



ROTLAUS

Bygderockarane Rotlaus har på berre nokre få år etablert seg som eit av dei største livebanda i landet. Dei har rocka seg til over 100 millionar streams og 132 veker samanhengande på albumlista for innspelinga som også resulterte i to Spellemann-nominasjonar.

Det blir fest på låven når Rotlaus kjem attende til Rudi!

Billett kr 490,-

www.ticketmaster.no

*”Ein folkeleg plass i ordets beste betydning
Hans Sandviken – kulturentusiast, Vinstra*



Onsdag 15. september

Kl 20.30

Tina Lie på norsk

Tina Lie er ein veteran på den norske roots-scena. Og sjølv om ho har laga musikk i 25 år, er det først no ho gjev ut eigen musikk på norsk! Personleg og melankolsk, frå det sarte til det råe. Ein blir prega i møte med Tinas musikk og stemme, og dei som har følt denne energien på kroppen kjem attende på konsertane hennar!

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no





Torsdag 23. september

Kl 20.30

Kveli-Rånes-Bremseth

Kveli Rånes Bremseth har vorte store publikumsfavorittar i Midt-Norge. Dei har farta landet rundt og publikum har i årevis tørka snørr og lattertårer på veg ut døra. Arnt Egil Rånes er også kjent som sologitaristen i DDE, Sigmund Kveli og Harald Morten Bremseth har baa fleire noregsmeister-titlar i revy. Kveli er kjent for gudbrandsdølane frå før gjennom «trønder og døl». Saman utgjer dei eit humor-musikalsk columbi-egg med originalitet og timing som publikum elsker.

Billett kr 390,-

www.ticketmaster.no





Laurdag 2. oktober

Kl 20.30

STAUT

Fengande melodiar, gode tekster, energi og scenesjarm og i botn av alt – drivande gode spellemenn. Det er STAUT. Dei har vore på Rudi mange gonger før, og alltid til stinn brakke og eit himla liv. Om det blir konsert eller fest denne kvelden vil tida vise. Men STAUT står seg enten det blir slik eller slik – det blir uansett ein festkveld!

Billett kr 490,-

www.ticketmaster.no



Foto: Michaela Klouda

” Finst ikkje maken til kulturhus, og det finst ikkje maken til vertskap!

Aasmund Nordstoga – artist og bonde, Vinje i Telemark



Laurdag 9. oktober

Kl 20.30

«Alehouse Sessions»

Barokksolistene

Barokksolistene er eit verdskjent ensemble, som haustar toppkarakter frå store avisar uansett kor dei befinn seg. Med mottoet «It's just old pop music» skal Bjarte Eike og hans menn framføre Alehouse Session som tek oss gjennom blant anna Purcell, engelske sjøviser og skandinavisk folkemusikk i eit frodig sceneshow. Herleg folkeleg kvalitetsmusikk med humor og snert!

I samarbeid med Gudbrandsdal Musikkfest.

Billett kr 490,-

www.ticketmaster.no

Gudbrandsdal
MUSIKKFEST



Foto: Knut Utler



Onsdag 13. oktober

Kl 19.00

Tove Bøygard

med band

Tove Bøygard er ein av landets mest kritikerroste artistar. Ho er kjend for sine sterke melodiar og tekstar på hallingdialekt. Hennar siste album «Eld» er Toves åttande album, og vi ser fram til å høyre noko av dette materiale på konserten på Rudilåven. Musikarar i bandet er Freddy Holm, Jørund Bøgeberg og Eivind Kløverød.

Billett kr 390,

www.ticketmaster.no



” **Motivatører og inspirasjonsbyggere.**

Edel Urstad – eigar og dagleg leiar Edel Design, Helgøya og Røros



Onsdag 20. oktober

Kl 19.00



«Då Tor Jonsson fillerista Hallingen»

med Bjarne Tormodsgard

Den nytilsette redaktøren i Hallingdølen, lomværen Tor Jonsson, går av toget på Ål stasjon. Han ser litt forvirra ut. Blir ståande å sjå seg rundt. Det er ingen stridsmann som går av toget – kan det synast som. Men der tek velkomstkomitéen styggeleg feil... Journalisten, forfattaren, sosialisten og samfunnsrefsaren Tor Jonsson vart tilsett som redaktør i Hallingdølen våren 1946. Det vart nokre stormfulle månader. Med illsinte lesarinnlegg, trugsmål om masseoppseiing av avisa, bondeleiarar som vart hive ut av redaktørkontoret og prestar som refsa redaktøren frå preikestolen.

Tidlegare journalist og redaktør i Hallingdølen, Bjarne Tormodsgard, kåserer over Jonssons korte, men stormfulle redaktørtid i Hallingdal. Tor Jonsson tok sitt eige liv 14. januar 1951, berre 35 år gamal. I dag er han mest kjend som lyrikar.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no



Laurdag 30. okt

Kl 20.30

Åge Aleksandersen og Trondheimsolistene

Åge Aleksandersen, Gunnar Pedersen og Trondheim-solistene la ut på ein omfattande turné i det spesielle året 2020. Hausten 2021 turnerer dei på ny, og det er ei glede å ønske dei velkome til Rudi Gard i oktober. Dette blir ei unik konsertoppleving der Åge viser ei anna side av seg sjølv enn den vi er vant med å sjå av ein av landets mest populære rockeartistar. Det blir kjende låtar, nye låtar, allnyning og glede over noko av det aller beste vi har!

Billett kr 600,-

www.ticketmaster.no



Koteng





Laurdag 27. november

Kl 19.00



Jutullaget

Jutullaget, fem av landets beste spelemenn, med kraftfullt og svingande toraderspel som varemerke. Med ei enorm dansetakt har denne humørfylte gjengen gleda dansefolket over det ganske land i meir enn 30 år! Også denne kvelden blir det høve til eit godt måltid som innleiing til ein storvegs kveld.

Billett kr 290,-

www.ticketmaster.no

” Et kulturtilbud som bidrar til både stolhet og inspirasjon, bolyst og reiselyst.

Ove Gjesdal – dagleg leiar Visit Lillehammer



Overnatting på Rudi Gard

Tilreisende artistar bur på Rudi Gard. Ved enkelte arrangement kan vi ha kapasitet til nokre gjester i tillegg, samt at vi leiger ut setra som ligg like ved Gålåvatnet.

Det er mange gode overnattingstilbod i ulike kategoriar i nærområdet, og Visit Lillehammer og Nasjonalparkriket Reiseliv har oversikt over desse på www.lillehammer.com og www.nasjonalparkriket.no





Billetter


www.ticketmaster.no
tlf 815 33 133

www.rudigard.no
tlf 913 85 388



ticketmaster®

Vi sel ikkje nummererte billetter sommaren 2021. Avrundinga av pandemien gjer at vi ønskjer å ta vare på fleksibiliteten som auka gjenopning forhåpentleg gjev. Det kan bli fleire kategoriar billetter. Konsertar kan bli flytta utandørs. Dersom arrangement blir avlyst på grunn av Covid-19 blir billetter refundert direkte frå Ticketmaster. Vi følger gjeldande retningslinjer frå styresmaktene til kvar tid.



Vegen til Rudi Gard

Rudi gard ligg langs Gudbrandsdalsvegen (gamle E6), 70 km nord for Lillehammer.

Frå sør: Ta av E6 i nordenden av Fryasletta.

Følg Gudbrandsdalsvegen til vegskilt «Rudi Gard».

Frå nord: Ta av nye E6 ved Harpefoss. Følg fylkesveg over Lågen og ta Gudbrandsdalsvegen sørover til vegskilt «Rudi Gard».

Koordinater: N 68 27 190 Ø 54 82 00

N 61,57571 Ø 9,90769

RUDI

www.rudigard.no

oystein@rudigard.no Mob 913 85 388

Rudivegen 40, 2647 Sør-fron